

Kattnakken–Stovegolvet

Det høgaste fjellområdet på Stord, med KATNAKKEN, MIDTJELLET OG STOVEGOLVET, har meir felles med fjellterrenget på fastlandet enn det låge kystlandskapet i Sunnhordland. Den vulkanske berggrunnen saman med dei nedbrytande kreftene har skapt det særeigne viddelandskapet.



Stordfjella mot sør: Kattnakken med telemasta til venstre, Stovegolvet i bakgrunnen over. (Svein Nord)

FJELLVIDDE PÅ VULKANSK GRUNN

Sett på avstand utgjør fjella på Stord eit stort platå. Dette jamne fjellområdet er restar av den flata som strekte seg heilt frå Hardangervidda og ut mot kysten, før landet for få millionar år sidan vart heva opp og skore sundt, først av elvar og sidan av brear (①60).


Platået står att fordi den harde vulkanske bergarten er vanskeleg å tæra ned. Desse vulkanske laga er i slekt med liknande lag i Siggjo-området på Bømlo og varierer frå basaltar til sur ryolittlava. I nokre av dei sure vulkanske bergartane kan ein sjå merke etter lavastraumen. Andre bergartar er danna ved oskeregner. Under somme utbrot var oska så varm at ho vart sveisa saman til hardt berg. Desse utbrota har truleg likna det vidgjetne utbrotet til Vesuv, som dekte byen Pompeii i året 79.

Det er ikkje så flatt på toppen av platået som ein skulle tru på avstand. Små dalsøkk, forvittra ut langs to markerte sprekksoner, har delt platået opp i haugar og hamrar. Ikkje utan grunn heiter eit mindre fjellområde Skorafjellet. Stovegolvet er namnet på eit flatt, lite område heilt sør på platået.

Stovegolvet er meisla ut i vulkansk fjell. For 220 millionar år sidan trengde glødande magma opp langs ein sprekk i fjellet. Magmaet størkna til ein diabasgang som no danner eit markert søkk. Her sett frå nord, søkkes med gangen litt til bøgre for midten av biletet. (Haakon Fossen)



På Kattnakken er flata broten opp av to smale, markerte kløfter med vegger så rette som skulle dei vore skorne ut med kniv. I triasida trengde basaltisk bergartsmelte opp og størkna til *diabas* langs svære sprekksoner. Kløftene som følgjer sonene, viser at diabasgangane forvittra raskare enn dei eldre, surare vulkanittane omkring. Endå mindre motstandskraft mot naturkreftene har fyllittens sør for fjellplatået hatt. Brattkanten frå Jektevik og Uføro over vestsida av Kattnakken og vidare forbi Stovegolvet markerer overgangen frå hardt vulkansk berg i fjellområda til mjuke fyllittiske bergartar i låglandet.



Strukturen i ryolittlavaen langs Kattnakkens brattskrent vart til då lavaen strøynde ut frå ein forhistorisk vulkan.



Langs vegskjeringa ovanfor vegbommen er ryolittsteinen mørk og hard som flint. Den lyse fargen på biletet skriv seg frå mange tusen år med forvitring av fellsalten i lavaen. (Haakon Fossen)

Det går veg til masta på Kattnakken, men du må parkera på Heio, 2 kilometer før toppen. Stovegolvet kan òg nåast frå Heio - følg då merkt stig rett opp frå parkeringsplassen. Ei alternativ rute til Stovegolvet er opp Tyseskaret. Det er merkt stig frå kraftstasjonen, ein knapp kilometer ovanfor Fjellstova.

NEDBØR PÅ BØRTVEIT


BØRTVEIT er kjend som ein stad med mykje nedbør. Ein må like til Samnanger eller Indre Matre for å finna større årlege nedbørmengder. Middel årsnedbør på Børtveit er 2871 millimeter; Slåtterøy har berre 1328 millimeter og Fitjar 1610 millimeter.

Det kan vera fleire årsaker til dei store nedbørmengdene på Børtveit, men topografien i området kan forklara det meste. Brattkanten som skil fjellområda og låglandet på Stord, gir ei naturleg føring av lufta ved sørlege vindar. Fuktige luftmassar blir dermed pressa saman. Dette aukar nedbøren i områda lengst sør i Langenuen.

Vest for Børtveit ligg Mebamarsåto på 749 meters høgde. Ved vind og regn frå vestleg kant blir fuktig luft pressa oppover, og nedbørmengdene aukar med høgda. Det blir oftast mest nedbør på vestsida, men når vinden er kraftig, vil ein del av nedbøren blåsa over og forbi fjelltoppen før han fell ned på lesida der landskapet går bratt ned mot fjorden.

Område der topografien er med og gir uvanleg store nedbørmengder, finst mange stader i fylket. Børtveit er ein av få slike stader med eigen nedbørsstasjon.

Samanlikning med nedbørmengdene på Slåtterøy, fordelt på vindretning, viser stor skilnad i nedbørmengd ved alle vindretningar. Det er likevel mest nedbør på begge stasjonane når det blæs vind i sektoren frå aust-sørøst til vest-nordvest.



Endre Skaar/Eva Bjørseth